
Saksnr: 2020/74894-3
Saksbehandlar Janne Lisen Ringdal Strøm
Dato: 06.11.2020

Til: Kontrollutvalet v/Roald Breistein

Frå: Janne Lisen Ringdal Strøm

Meldeknapp i vidaregåande opplæring

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med å eit heilskapleg system for varsling for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Det vil bli etablert ein meldeknapp heimesidene til Vestland fylkeskommune. Meldeknappen vil gjere det enkelt for elevar og lærlingar å varsle om paragrafer.

Opplæringslova kapittel 9 A gjeld for skuleelevar. Lærlingar er tilsette i lærebedrifta og har same rettar som andre arbeidstakarar, jf. opplæringslova § 4-2. Deira vern mot trakassering/mobbing er regulert av arbeidsmiljølova §§ 4-1 og 4-3. Alle lærlingar har rett på eit arbeidsmiljø fritt for mobbing og trakassering, også seksuell trakassering. Dette følgjer direkte av arbeidsmiljølova § 4-3. Lærebedrifta pliktar å legge til rette opplæringa slik at lærlingen kan nå måla i den fastsette læreplanen, og skal skape eit godt arbeids- og læremiljø, jf. § 4-4 i opplæringslova.

Som lærling er ein også omfatta av varslingsreglane i kapittel 2A i arbeidsmiljølova. Det same er elevar medan dei utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring. Det betyr at dei mellom anna er beskytta frå gjengjelding dersom dei vel å varsle om kritikkverdige forhold eller forhold rundt helse, miljø og tryggleik.

Lærlingar kan altså varsle om kritikkverdige forhold i tråd med arbeidsmiljølova kapittel 2A. Dette kan skje gjennom lærebedrifta sine kanalar, men etter arbeidsmiljølova § 2 A-2 (2) kan arbeidstakarar også alltid varsle til ein offentleg instans. I og med at fylkeskommunen har ansvaret for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter etter opplæringslova, finn vi det difor naturleg at desse kan varsle oss gjennom skjema på våre sider.

Dei elevane vi reknar med kjem inn under arbeidsmiljølova, er som nemnd elevar som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring. Det vil seie elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram når dei har praktisk arbeid på skulen, men også elevar i studieførebuande utdanningsprogram når dei har opplæring på laboratorium eller liknande. Dersom elevar til dømes oppdagur uforsvarleg oppbevaring av kjemikalier i forbindelse med utføring av arbeid i opplæringa, kan dei varsle gjennom skjema på fylkeskommunen sine sider. Når elevar er utplassert i praksis i bedrifter meiner vi at varsling skal skje gjennom bedrifta sine varslingsrutine/-kanalar. Vi må likevel sikre at elevar får informasjon om dette til dømes på skulen i forkant av utplassering.

For elevar i vidaregåande opplæring vil det være mogleg å melde om mobbing og krenkingar jf Opplæringslova 9a.

Fylkesdirektøren har starta arbeidet med utarbeiding av det heilskaplege systemet for varsling. I dette arbeidet har fylkesdirektøren hatt god dialog med Elev- Lærling og mobbeombodet. Sjå vedlagt skisse for meldeknappen.

Meldeknappen skal vere klar til bruk for skulane til den 01.02.21. For lærlingar vil det først krevje ei forankring i yrkesopplæringsnemnda og meldeknappen vil tidlegast vere klar 16. mars. 2021.

<https://www.vestlandfylke.no/>

Informasjon: Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø med nulltoleranse mot krenking som mobbing vald, diskriminering og trakassering.

<https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-2>

Det samegjeld om du er lærling. Når du er lærling har du rettigheter både etter opplæringslova og arbeidsmiljølova. Link lov Dersom du opplever kritikkverdige forhold ved din skule eller i lærebedrifta di, skal du kunne varsle om det bli høyr og være viss på at ansvarlege for di opplæring følgjer opp. Du kan også varsle om du ser andre som vert utsett mobbing eller andre kritikkverdige forhold.

Meld om mobbing/kritikkverdige forhold



Melding lærebedrift:
Legg inn: Epost, telefonnummer, postnummer
Namn på lærebedrift
Varsle om følgjande:

Nedtrekksmeny

Innsendingsside
Kontroll - sjekk at opplysningene stemmer
- skjema i ephorte ufordelt RLT etter postadresse
Kvittering på mail med saksnr

Melding skule:
Legg inn: Namn, Epost, telefonnummer,
Varsle om følgjande

Nedtrekksmeny

Innsendingsside
Kontroll - sjekk at opplysningene stemmer
- skjema i ephorte ufordelt til skulen
Email til rektor
Kvittering på mail med saksnr